

nve@nve.no

Attention: Henriette Birkelund

<b>Dykkar ref:</b> 201700214	<b>Dykkar dato:</b>	<b>Vår ref:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Sakshandsamar:</b> B. Kapstad	<b>Dato:</b> 30.03.2017
---------------------------------	---------------------	-----------------	---------------	-------------------------------------	----------------------------

## Høyringsvar frå Sunnfjord Energi Nett. Framlegg til endring i forskrift om energiutgreingar.

Sunnfjord Energi Nett viser til NVEs høyring datert januar 2017. Vi har følgande kommentarar til endringsframlegga.

### Ny bestemmelse om å inkludere vurderinger av distribusjonsnett i de regionale kraftsystemutredningene

Sunnfjord Energi Nett meiner at dagens KSU-ordning fungerer godt, men at det generelt sett kan vere behov for å koordinere nettutvikling i grensesnitt mellom områdekonsesjonærar og på tvers av nettnivå. Ved tilknytning av ny produksjon har vi allereie god erfaring med å identifisere løysingar på tvers av områdekonsesjonærar og nettnivå gjennom dialog og samfunnsøkonomiske analysar. Det er positivt at områdekonsesjonær får ei tydelegare rolle i utgreiingsprosessen.

Sunnfjord Energi Nett støttar framlegget under føresetnad om at dette berre gjeld anlegg i *grensesnittet* mellom konsesjonsområder og på tvers av nettnivå.

Områdekonsesjonær har tilknytingsplikt, leveringsplikt og investeringsplikt. Det er difor avgjerande at det er heilt klare premisser som vert lagt til grunn for dei samfunnsmessige vurderingane, og at dette ikkje forseinkar naudsynte investeringar. Ved eventuell ueinigheit i prioriteringane mellom områdekonsesjonær og KSU - ansvarleg føreset vi at saka kan leggest fram for NVE for avgjerd.

### Ny betegnelse av høyeste nettnivå

Sunnfjord Energi Nett har ingen kommentar til framlegget om nytt navn på øverste nettnivå.

### Oppheving av bestemmelse om rapportering av komponentdata i grunnlagsrapporten

Sunnfjord Energi Nett støttar framlegget.

### Ny bestemmelse om pålegg om utredninger av nettmessige konsekvenser

Sunnfjord Energi Nett støttar framlegget og meiner det er rasjonelt at områdekonsesjonær får ei meir aktiv rolle igjennom kraftsystemplanlegginga ved å utgreie nettmessige konsekvensar av spesifiserte endringar i energisystemet.

### Ny bestemmelse om rapportering av nettkapasitet i hovedrapporten

Sunnfjord Energi Nett ser at det kan være rasjonelt at det vert gjeve informasjon i hovedrapporten om nettkapasitet for produksjon i regionalnett og transmisjonsnett. Vi støttar difor framlegget.

### Ny bestemmelse om Statnetts oppgaver

Sunnfjord Energi Nett støttar NVEs framlegg om at Statnett skal gje uttale ved høyring av melding og søknad om anleggskonsesjon for kraftoverførings- og produksjonsanlegg som kan påverke utviklinga i transmisjonsnettet.

### Endret formålsbestemmelse

Sunnfjord Energi Nett støttar framlegget.

### Endret bestemmelse om utredningsansvarlig og endret overskrift på kapittel 3

Sunnfjord Energi Nett støttar framlegget.

### Endret bestemmelse om krav til innhold i grunnlagsrapporten i Transmisjonsnettet

Sunnfjord Energi Nett støttar framlegget.

Mvh Sunnfjord Energi Nett



Bjarte Kapstad

-Sivilingeniør-